

KYRKJELEG FELLESNEMND FOR OS OG FUSA
5200 OS/5640 Eikelandsosen

MØTEINNKALLING

Utval: Partssamansatt utval for kyrkjeleg fellesnemnd - Os og Fusa
Møtestad: Tunet, Os
Møtedato: onsdag 5. desember 2018 kl.17.45.

Innkalling og saksdokument vert også sendt varamedlemene, men desse skal ikkje møte utan nærmare innkalling.

Alle saksdokumenta er sendt ut saman med sakene til kyrkjeleg fellesnemnd.

Lovleg forfall må meldast snarast råd til kyrkjeverje Harald Geir Sæther, telf. 41662090.

SAKSLISTE:

Saknr.: Sak Tekst:

SKRIV/MELDINGAR

SAK:

		ARKIV
2018/033	SOKNERÅDA SITT ANSVAR FOR KYRKJEVERJE OG ASSISTERANDE KYRKJEVERJE FRÅ FEBRUAR 2019	219
2018/034	RUTINAR FOR VARSLING	201
2018/035	REKNESKAPSPROGNOSE FOR 2018	133
2018/036	BUDSJETT 2019	112
2018/037	STATUS FRAMDRIFT KYRKJELEG FELLESNEMND SITT ARBEID FRAM MOT ÅR 2020	020
2018/038	AKTUELLE UTFORDRINGAR FRAMOVER	020
2018/039	MØTEPLAN 2019	012.0
2018/040	INVESTERINGAR IT, TELEFONI M.V. 2018-2019	112

Fusa kyrkjekontor,
den 28. november 2018



Hans S Vindenes
leiar i PSU



Harald Geir Sæther
kyrkjeverje i Fusa

KYRKJELEG FELLESNEMND FOR OS OG FUSA
5200 OS/5640 Eikelandsosen

MØTEINNKALLING

Utval: Kyrkjeleg fellesnemnd for Os sokneråd og Fusa sokneråd
Møtestad: Tunet, Os
Møtedato: Onsdag 5. desember 2018 kl.17.45.

Innkalling og saksdokument vert også sendt varamedlemene, men desse skal ikkje møte utan nærmare innkalling.

Lovleg forfall må meldast snarast råd til kyrkjeverje Harald Geir Sæther, telf. 41662090.

SAKSLISTE:

Saksnr.: Sak Tekst:

SKRIV/MELDINGAR

SAK:		ARKIV
2018/033	SOKNERÅDA SITT ANSVAR FOR KYRKJEVERJE OG ASSISTERANDE KYRKEJVERJE FRÅ FEBRUAR 2019	219
2018/034	RUTINAR FOR VARSLING	201
2018/035	REKNESKAPSPROGNOSE FOR 2018	133
2018/036	BUDSJETT 2019	112
2018/037	STATUS FRAMDRIFT KYRKJELEG FELLESNEMND SITT ARBEID FRAM MOT ÅR 2020	020
2018/038	AKTUELLE UTFORDRINGAR FRAMOVER	020
2018/039	MØTEPLAN 2019	012.0
2018/040	INVESTERINGAR IT, TELEFONI M.V. 2018-2019	112

Fusa kyrkjekontor,
den 28. november 2018



Hans S Vindenes
leiar i kyrkjeleg fellesnemnd



Harald Geir Sæther
kyrkjeverje i Fusa

MØTEBOK

Kyrkjeleg fellesnemnd for Os og Fusa

Møtedato: 05.12.2018

Sak: SOKNERÅDA SITT ANSVAR FOR KYRKJEVERJE OG ASSISTERANDE
KYRKJEVERJE FRÅ FEBRUAR 2019

Saksnr.: 2018/033

PSU-sak 2018-033

Ark.nr. 219

Sakshandsamar: HGS

Kyrkjeleg fellesnemnd gjorde følgjande vedtak:

Framlegg til vedtak:

Bjørnafjorden kyrkjelege fellesnemnd vedtek at Os sokneråd har løns- og personalansvar for kyrkjeverja og Fusa sokneråd ansvar for assisterande kyrkjeverje når ny organisering trer i kraft frå februar 2019. Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd tek over ansvaret når dei trer i funksjon.

PSU si tilråding:

VEDTAK I FELLESNEMNDA:

Trykte saksdokument:

Ingen

Ikkje trykte saksdokument:

Ingen

SAKSUTGREIING:

Kristine Fjeld er tilsett som kyrkjeverje for Os sokneråd og Fusa sokneråd, og ho byrjar i stillinga truleg frå februar månad 2019. Kyrkjeverje Harald Geir Sæther vert assisterande kyrkjeverje frå same tidspunkt. Frå 1. januar 2020 vert Kristine Fjeld kyrkjeverje for Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd.

AU legg fram sak vedrørande avklaringar som må gjerast når det gjeld Os sokneråd og Fusa sokneråd sitt ansvar når ny kyrkjeverje kjem på plass. AU meiner det vil vere naturleg at Os sokneråd tek løns- og personalansvar for kyrkjeverja og Fusa sokneråd for assisterande kyrkjeverje fram til Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd er i funksjon.

Ansvarsdeling når det gjeld oppgåver for kyrkjeverje og assisterande kyrkjeverje må desse avklare seg i mellom dette der kyrkjeverja har avgjerande mynde.

MØTEBOK

Kyrkjeleg fellesnemnd for Os og Fusa

Møtedato: 05.12.2018

Sak: RUTINAR FOR VARSLING

Saksnr.: 2018/034
PSU-sak 2018-034

Ark.nr. 201

Sakshandsamar: HGS

Kyrkjeleg fellesnemnd gjorde følgjande vedtak:

Framlegg til vedtak:

Bjørnafjorden kyrkjeleg fellesnemnd vedteke å vidareføre Os sokneråd sin «Rutine for oppfølging av intern varsling».

PSU si tilråding:

VEDTAK I FELLESNEMNDA:

Trykte saksdokument:

1. Rutine for varsling

Ikkje trykte saksdokument:

Ingen

SAKSUTGREIING:

Kyrkjeleg fellesnemnd vil stadig få lagt fram nye retningsliner, reglement og vedtekter. Denne saka burde vore lagt fram saman med andre liknande saker i sist møte i kyrkjeleg fellesnemnd. Os sokneråd har i dag rutinar for evt intern varsling – som ein del av HMT-systemet. Det er dette som er tilrådd vidareført i Bjørnafjorden kyrkjeleg fellestråd. Det vert vist til vedlegg i saka.

Rutine for oppfølging av intern varsling - HMS-systemet i Os sokneråd

Trinn	Oppfølging av saka	Dato
1.	Varsel mottake (namn/anonym)	
2.	Undersøkingar gjennomført:	
3.	Konklusjon/resultat:	
4.	Tilbakemelding gitt til varslar (gjeld ikkje ved anonym varsling):	
5.	Naudsynt informasjon gitt til den eller dei det er varsla om:	
6.	Tiltak:	
7.	Følgende vidare oppfølging planlagt:	
8.	Følgende vidare oppfølging gjennomført:	

MØTEBOK

Kyrkjeleg fellesnemnd for Os og Fusa

Møtedato: 05.12.2018

Sak: REKNESKAPSPROGNOSE FOR 2018

Saksnr.: 2018/035
PSU-sak 2018-035

Ark.nr. 133

Sakshandsamar: HGS

Kyrkjeleg fellesnemnd gjorde følgjande vedtak:

Framlegg til vedtak:

1. Kyrkjeleg fellesnemnd tek rekneskapsprognosane til etterretning.
 2. Rekneskapan skal gå i balanse. Vert dei samla utgiftene høgare enn det som kjem fram i denne saka, må soknerådet dekke høgare andel av lønsutgifter.
-

PSU si tilråding:

VEDTAK I FELLESNEMNDA:

Trykte saksdokument:

1. Budsjettoversikt 2017-2018-2019
2. Kalkulert medgått arbeidstid

Ikkje trykte saksdokument:

Ingen

SAKSUTGREIING:

Kyrkjeverje Gerhard Hansen og kyrkjeverje Harald Geir Sæther har gått gjennom status for rekneskapan for 2018. Viser til talmaterialet under. Vedlegga syner meir detaljerte oversikter som kan utdjupast ytterlegare i PSU og kyrkjeleg fellesnemnd.

Kyrkjeverjene skal ha møte med kommunal prosjektleiing 4. desember d.å., og ein vonar då å få endeleg svar på kor mykje midlar kyrkjeleg fellesnemnd får overført i 2018 og 2019 til drift. Ein har lagt i botn kr.500.000,- for kvart år, i tråd med signal som før er gitt frå leiinga.

Rekneskapsprognose pr 27.11.2018

	Budsjett 2018	Rekneskapsprognose
Utgifter		
Løn	386.000	549.000
Møtegodtgjersle	50.000	47.000
Reiseutgifter	15.000	10.000
Kurs	6.000	35.000
Driftsutg kyrkjeleg FN	20.000	16.000
Info heimeside	10.000	0
<u>Rekneskap/revisjon</u>	<u>15.000</u>	<u>15.000</u>
<u>Sum utgifter</u>	<u>502.000</u>	<u>672.000</u>
Inntekter		
Tilskot frå kommunal FN	500.000*	500.000*
Tilskot frå Os sokneråd	0	86.000
<u>Tilskot frå Fusa sokneråd</u>	<u>0</u>	<u>86.000</u>
<u>Sum inntekter</u>	<u>500.000</u>	<u>672.000</u>
<u>Resultat</u>	<u>- 2.000</u>	<u>0</u>

*Sjølve vedteke budsjett for 2018 hadde ikkje inntekter pga at ein ikkje hadde oversikt over inntekter den gongen det vart vedteke. Difor er tala ein legg til grunn signal ein har motteke i etterkant – gjeld både budsjett og rekneskap.

Spesielle kommentarar:

Det største avviket har ein på lønsposten. Den viser ein del av den medgåtte arbeidstida som er gått med til samanslåingsprosessen. Dei fleste tilsette har bidrege i si ordinære arbeidstid, og gruppearbeid i samband med prosessen er ikkje tatt med. Vedlegg 2 i saka syner kva ein har lagt i botn for medgått arbeidstid for dei som har vore mest involverte i arbeidet. Dei som har nytta mest arbeidstid for fellesnemnda er kyrkjeverjene, og det aller meste er gjort i tillegg til ordinær arbeidstid. Kyrkjeverjene har uttrykt at desse midlane ikkje skal takast ut i løn, men bede om at midlane vert sett av til kvart sokneråd. Begge sokneråda har akseptert dette og gjort vedtak om at midlane som blir overført frå fellesnemnda til sokneråda skal øyremerkast til meirutgifter kyrkjeleg fellesnemnd får i 2019, evt til det nye fellelrådet frå 2020 – for å styrke bemanning i ein overgangsfase. På den måten får ein nytta ressursane to gongar! Det er urealistisk at sokneråda får dekkja alle medgåtte utgifter, og difor viser rekneskapen at soknerådet bidreg økonomisk for å få gjennomført samanslåinga på ein best mogleg måte. Desse inntektstala i rekneskapen er teke med for å synleggjere dette.

Rekneskapen viser at medgått løn utgjer ein kostnad på kr.549.000,- i 2018, og utgiftene utgjer til saman kr.672.000,-. For å få samla balanse syner rekneskapen vidare at sokneråda bidrar med kr.172.000,-.

Lønsutgiftene på til saman kr.549.000,- har sokneråda forskottert. Desse vert difor tilbakebetalt til sokneråda, dvs. kr.549.000,- med eit frådrag på kr.172.000,-, dvs kr.377.000,- fordelt på om lag kr.188.000,- til kvart sokneråd. Men ein presiserer at desse midlane er øymerka kyrkjeleg fellesnemnd sitt arbeid i 2019, evt fellesrådet si verksemd frå 2020.

Prosjektleiar kan utdjupe dette meir i møtet.

Prosjektleiar kjem difor med fylgjande framlegg til vedtak:

- 1 Kyrkjeleg fellesnemnd tek rekneskapsprognosane til etterretning.
- 2 Rekneskapsprognosane skal gå i balanse. Vert dei samla utgiftene høgare enn det som kjem fram i denne saka, må soknerådet dekke høgare andel av lønsutgifter.

BUDSJETTUTKAST - BJØRNAFJORDEN KYRKJELEGE FELLESRÅD

	2017	2018	REV 2018	Oppr. 2019	FRAMLEGG 2019	Totalt	TOTALT REV
Lønnsutgifter/ honorarer							
Prosjektleder med arbg.avgift og pensjonsutg.	50 000	386 000	548 648	396 000	638 547	832 000	1 187 195
Møtegodtgjørelse folkevalgte	14 000	50 000	42 000	50 000	42 000	114 000	84 000
Frikjøp av tillitsvalgte		0		0		0	0
Bistand fra eksterne konsulenter		0		0		0	0
Reiseutgifter	5 000	15 000	10 000	15 000	10 000	35 000	20 000
Kurs	6 000	6 000	30 000	6 000	25 000	18 000	55 000
Kulturbygging		0	20 000	0	15 000	0	35 000
Annet						0	0
Drift av kirkelig fellesnemnd	10 000	20 000		20 000	0	50 000	0
Sum pr år	85 000	477 000	650 648	487 000	730 547	1 049 000	1 381 195
IKT-kostnader og informasjon	2017	2018		2019		Totalt	
Koordinere IT-systemer og nye IT-systemer	0	0	200 000	0	150 000	0	350 000
Opplæring i nye systemer		0		0	130 000	0	130 000
Informasjon på nett til ansatte						0	0
Informasjon på hjemmeside		10 000	10 000	10 000	10 000	20 000	20 000
Arkiv, digitalisering	50 000	0		0	200 000	50 000	200 000
Annet					10 000	0	10 000
Sum pr år	50 000	10 000	210 000	10 000	500 000	70 000	710 000
Andre utgifter	2017	2018		2019		Totalt	
Status/ tilstandsvurdering av kirker og andre bygg		0		0		0	0
Tilpassning/ ombygging/ investering administrasjonslokaler				0		0	0

Revisjon	5 000	15 000		15 000	0	35 000	0
Kulturbygging						0	0
Kurs						0	0
Drift av kirkelig fellesnemnd						0	0
Sum pr år	5 000	15 000		15 000	0	35 000	0

ÅRSBEHOV	140 000	502 000	860 648	512 000	1 230 547	1 154 000	
-----------------	----------------	----------------	----------------	----------------	------------------	------------------	--

2 091 195

FINANSIERING

Frå Bjørnafjorden fellesnemnd

Frå Os kommune (investering/auka driftstilskot 2019)

Frå Fusa kommune (investering/auka driftstilskot 2019)

Frå fond Os sokneråd

Frå fond Fusa sokneråd

500 000

0

0

500 000

500 000

300 000

	Prosjektløn 2018			
	Årsløn	%-stilling		
HGS	625000	35	218 750	
GAH	725000	20	145 000	
MR	400000	5	20 000	
idZ/HEM	564000	5	28 200	
Sum			411 950	
Ferietillegg			6 179	
Pensjon			62 719	
Arbeidsgj. Avg			67 800	
Sum			548 648	

Lønskostnader 2019

Kristine	700000	20	128 333	
Harald Geir	625000	35	218 750	
Gerhard	725000	20	24 167	
MR	400000	20	80 000	
IdZ/HEM	564000	5	28 200	
Sum			479 450	
Ferietillegg			7 192	
Pensjon			72 996	
Arb gj avg.			78 909	
Sum			638 547	

MØTEBOK

Kyrkjeleg fellesnemnd for Os og Fusa

Møtedato: 05.12.2018

Sak: BUDSJETT 2019

Saksnr.: 2018/036
PSU-sak 2018-036

Ark.nr. 112

Sakshandsamar: HGS

Kyrkjeleg fellesnemnd gjorde følgjande vedtak:

Framlegg til vedtak:

Kyrkjeleg fellesnemnd vedtek budsjett 2019 slik det ligg føre.

PSU si tilråding:

VEDTAK I FELLESNEMNDA:

Trykte saksdokument:

Ingen

Ikkje trykte saksdokument:

1. Sjå vedlegga i sak 2018-035.
-

SAKSUTGREIING:

Budsjettet for 2019 byggjer i hovudsak på rekneskapsprognosane for 2018 og kyrkjeleg fellesnemnd sin økonomiplan 2017-2020. Dessutan legg ein i botn fellesnemnda sine erfaringar frå 2018 og det ein forventar av innsats som må gjerast i 2019.

	Budsjett-tal 2019	Rekneskapsprognose 2018
Utgifter		
Løn	638.000	549.000
Møtegodtgjersle	39.000	47.000
Reiseutgifter	15.000	15.000
Kurs	20.000	35.000
Drift kyrkjeleg fellesnemnd	20.000	16.000
Info heimeside	10.000	0
<u>Rekneskap/Revisjon</u>	<u>15.000</u>	<u>15.000</u>
Sum utgifter	757.000	672.000
Inntekter		
Tilskot frå komm. fellesnemnd	500.000	500.000
Tilskot frå Os sokneråd	128.000	86.000
<u>Tilskot frå Fusa sokneråd</u>	<u>129.000</u>	<u>86.000</u>
Sum utgifter	757.000	672.000
Resultat	0	0

Kommentarar til budsjettet:

1. Lønsutgifter. Her har ein lagt til grunn forventa medgåtte lønsutgifter, jfr. sak 2018-035 – vedlegg 2.
2. Møtegodtgjersle: Her har ein lagt i botn seks møte
3. Reiseutgifter, forventa utgifter til kurs og samlingar.
4. Kurs. Det er viktig at prosjektleiar saman med ny kyrkjevevje får sett seg grundig inn i arbeidet. Allereie 3. januar 2019 deltek begge på ei samling i regi av KA i Oslo på tema som gjeld samanslåingsprosessen.
5. Dette gjeld andre utgifter som fellesnemnda evt får i 2019.
6. Info om heimeside. Vi fekk oppretta heimeside for Bjørnafjorden kyrkjelege fellesnemnd i 2018. Det er særleg Fusa sokneråd som har behov for å få betre heimesider for si verksemd.
7. Rekneskap/revisjon – kalkulert beløp.

Andre kommentarar til budsjettet:

Det er mange store og små brikkar som må på plass i løpet av 2019. Vi treng truleg ein del ekstra ressursar inn mot overgangen til 2020. Ny kyrkjevevje skal på plass og må få høve til å setje seg inn i oppgåvene. Ein må forvente at ein kanskje må kjøpe ein del tenester, og det kan bli behov for å utvide stillingar i ein overgangsfase.

Prosjektleiar rår til at ein utgiftsførar løn på same vis som vist til i sak om rekneskapsprognosar for 2018. På same måte synleggjer ein sokneråda sine bidrag ved at dei må bistå med lønsmidlar for å få dette i hamn.

Det vert lagt fram ei eiga sak om investeringar, sak 2018-040.

MØTEBOK

Kyrkjeleg fellesnemnd for Os og Fusa

Møtedato: 05.12.2018

**Sak: STATUS FRAMDRIFT KYRKJELEG FELLESNEMND SITT ARBEID
FRAM MOT ÅR 2020**

Saksnr.: 2018/037

PSU-sak 2018-037

Ark.nr. 020

Sakshandsamar: HGS

Kyrkjeleg fellesnemnd gjorde følgjande vedtak:

Framlegg til vedtak:

Kyrkjeleg fellesnemnd tar stauts for framdrifta av arbeidet til etterretning.

PSU si tilråding:

VEDTAK I FELLESNEMNDA:

Trykte saksdokument:

1. Vedteken framdriftsplan for Bjørnafjorden kyrkjelege fellesnemnd

Ikkje trykte saksdokument:

Ingen

SAKSUTGREIING:

Innleiing:

Ein viser til vedlegget som skisserer fellesnemnda sin framdriftsplan for arbeidet frå oppstart august 2017 og som gjeld t.o.m. desember 2020. Fase 1 (august-desember 2017) og fase 2 (januar-juni 2018) i all hovudsak er gjennomført.

Ser ein på fase tre, ser ein at ein har starta opp med alt, men ikkje kome i mål med alt.

Status fase 3 (juli-desember 2018):

1. Prinsipp for tenesteytingsavtale i den nye organisasjonen
Kommentar: Det vert arbeidd med dette. Fleire brikker er ikkje kome på plass enno. Dette vert tema med Bjørnafjorden kommune si prosjektleiing den 4. desember
2. Klarleggje fysisk plassering av arbeidsplassar
Kommentar: Dette har ikkje vore drøfta på individnivå med kvar einskild tilsett enno, men det må takast tak i saman med andre område som gjeld stillingen til kvar einskild. Ein ser ikkje føre seg at mange vil bli omfatta av t.d. ny oppmøtestad, men ein må få det formelt sett i orden.
3. Organisering (Fellesråd og presteteneste). Døme er arbeidsmiljø, verneteneste, tenesteområde for tilsette, arbeidsavtalar
Kommentar: Fellesrådet vil ha sine reglement og prestane sine reglement, og samarbeid må halde fram som før. Prosten har ein sentral rolle i dette saman med kyrkjeverja å følgje opp på dei område ein ser som nødvendige.
4. Rutinar: planlegging, logistikk, økonomi, HMT, informasjon, personal
Kommentar: Det vert arbeidd på dei fleste områda her. Fleire reglement og rutinebeskrivelser er i boks (t.d. fleire vedtak i fellesnemnda), mens det heilt fram til 2020 truleg vil sjå at der er særleg rutinebeskrivelser som må på plass.
5. Avtaler/kontraktar av vesentleg betydning
Kommentar: Ein del er tatt tak i, og andre vil bli tatt opp etter kvart. Vi har hatt ein gjennomgang med KLP. Os sokneråd har sagt opp avtale med «Gravlund», og er på veg til å inngå avtaler med «Ecclesia (som Fusa har frå før). Elles reknar ein med å inngå avtale med Kirkepartner når det gjeld tilbod som arkiv, sakshandsamingssystem m.v. Også Ecclesia vil brukt i framtida til ulike oppgåver som gjeld gudstenesteplanlegging, disponering av mannskap m.v. Ein arbeider med tenesteytingsavtalar. Ein vurderer kor ein skal kjøpe tenester som t.d. løn og rekneskap. Avtale om graving og sommarvedlikehald på Fusasida av kommunen opphøyrer i september 2020. Forsikringar av bygg og anlegg samt personale har vi ikkje hatt gjennomgang av enno. Der er også ein del felles medlemskap som vi må sjå nærare på.
6. Sende sak om budsjett 2019 og økonomiplan til kommunal fellesnemnd
Kommentar: Budsjett 2019 arbeider ein med og er eiga sak i dette møtet. Økonomiplan som gjeld investeringar er sendt til kommunal fellesnemnd, og ein reknar med at tala frå kyrkjeleg fellesnemnd vert innarbeidd i den kommunale økonomiplanen
7. Klargjering av gravferdssystem og HMT-system
Kommentar: Gravferdssystem er vald. Her vil ein ha kurs i Os for brukarane 29. november d.å. Når det gjeld HMT-system, vil det vere ein pågåande prosess som ein må sjå meir på undervegs. Samstundes har ein fått ein del brikker på plass gjennom reglement og rutinebeskrivelser.

4. fase – januar-juni 2018

Vi skal etter kvart gå over i fase 4, også kalla implementeringsfasen. Det som står av oppgåver komande halvår er følgjande:

- Klargjere ny organisasjon
- Følgje opp etterslep frå fase 3 – organisering, felles reglement, instruksar, vedtekter m.v.
- Klargjering av rekneskapssystem og arkiv/sakshandsamingssystem – IKT-løysingar
- Arbeidsavtalar på plass for alle tilsette
- Avtalar om evt tenesteyting mellom kommune og fellesråd
- Førebu kyrkjeval 2019 (samarbeid med kommune, praktisk gjennomføring m.v.)

Oppsummering

Denne saka vert lagt fram til orientering, og det er fullt mogleg å ta opp kva som helst som gjeld fellesnemnda sitt arbeid og framdrifta i prosessen.

Framdriftsplan for samanslåing av Os sokneråd og Fusa sokneråd til Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd

August-Desember 2017 Fase 1 – Etablere prosjekt

- Opprett fellesnemnd med mandat, samansetning og funksjonstid
- Utarbeide prinsippdokument for omstilling og framtidig fellesråd
- Utarbeide framdriftsplan
- Opprett partssamansett utval og avklar reglement
- Avklare omstillingsmidlar
- Avklare organisering m.o.t. prosjektleiar, kyrkjeverje m.v. Evt utlysing.

Januar –Juni 2018 Fase 2 – Kartlegge eksisterande verksemd

- Noverande organisering, bemanning og kompetanse
 - Lage skisse/idear for mulig organisering av Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd
- Møtestad for alle tilsette
- Avklare informasjonsstrategi/intranett. Kommunisere mål og prosessplan
- Opprette arbeidsgrupper
- Plan for sosial og fagleg fellesoppgåver fram mot ny kommune
- Økonomi
- Mål og planar for fellesråd og sokneråd
- Igangsett intranett for stabane – om det vert løysinga
- Kartleggje eksisterande tenesteytingsavtalar med kommunane
- Avtaler/Kontraktar som er vesentlege, pensjonsavtalar kartleggjast
- Utstyr, bygg, eigedomar vert kartlagt
- Kartleggje føringar og plikter for framtidig verksemd
- Informasjon frå sokneråd og stab: kva fungerer bra, kva bør betrast/utviklast?
- Avklare kva for IKT-system som er i bruk og røynslene med dei (inngåtte avtalar) (rekneskap, gravferd m.v.)

Juli-Desember 2018 Fase 3 – Planleggje strukturar i den nye organisasjonen

- Prinsipp for tenesteytingsavtale i den nye organisasjonen
- Klarleggje fysisk plassering av arbeidsplassar
- Organisering (Fellesråd og presteteneste). Døme er arbeidsmiljø, vemeteneste, tenesteområde for tilsette, arbeidsavtalar
- Rutinar: planlegging, logistikk, økonomi, HMT, informasjon, personal
- Avtaler/kontraktar av vesentleg betydning
- Sende sak om budsjett 2019 og økonomiplan til kommunal fellesnemnd

- Klargjering av gravferdssystem og HMT-system

Januar- juni 2019

Fase 4 - Implementering

- Klargjere ny organisasjon
- Følgje opp etterslep frå fase 3 – organisering, felles reglement, instruksar, vedtekter m.v.
- Klargjering av rekneskapssystem og arkiv/sakshandsamingssystem – IKT-løysingar
- Arbeidsavtalar på plass for alle tilsette
- Avtalar om evt tenesteyting mellom kommune og fellesråd
- Førebu kyrkjeval 2019 (samarbeid med kommune, praktisk gjennomføring m.v.)

Juli - Desember 2019

Fase 5 – Implementering held fram

- Gjennomføre kyrkjeval i samarbeid med sokneråda
- Oppnemning av nytt fellesråd, innmelding til Brønnøysundregisteret, klargjere til drift
- Planar (handlings-, års-, verksemds-, budsjett- og økonomiplan) y
- Sluttevaluering av fellesnemnd og prosjekt
- Følgje opp etterslep frå fase 4
- Tid til opplæring/tilpassing til nye rutinar

Frå planleggingsfase til driftsfase er ein spesielt krevjande periode – krev tid og ressursar

Januar-Desember 2020

Fase 6 – Første driftsfase

- Igongsetting av felles rekneskapssystem
- Vedta budsjett og planar
- Jamlege evalueringar, t.d. kvartalsvis evaluering og evt justeringar etter kvart
- Større evaluering etter ca eit år

MØTEBOK

Kyrkjeleg fellesnemnd for Os og Fusa

Møtedato: 05.12.2018

Sak: AKTUELLE UTFORDRINGAR FRAMOVER

Saksnr.: 2018/038

PSU-sak 2018-038

Ark.nr. 020

Sakshandsamar: HGS

Kyrkjeleg fellesnemnd gjorde følgjande vedtak:

Framlegg til vedtak:

Det ligg ikkje føre framlegg til vedtak.

PSU si tilråding:

VEDTAK I FELLESNEMNDA:

Trykte saksdokument:

Ingen

Ikkje trykte saksdokument:

Ingen

SAKSUTGREIING:

Vi går straks inn i 2019, og der vil vere utfordringar av ulike slag som kjem. Kyrkjeleg fellesnemnd sin framdriftsplan har ein del av desse med i sjølve arbeidet som skal skje vidare. Men vi nemner nokre av utfordringane som ikkje står i planen og som ein må vere observant på og/eller det må gjerast vedtak om:

1. Ny kyrkjeverje på plass treng tid til å få setje seg inn i oppgåvene
2. Store oppgåver skal løysast før 2020 samstundes som alt arbeid skal gå som før!
3. Det må takast stilling til kven som skal eige «Tunet» etter samanslåinga; Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd eller Os sokneråd.

Her er det høve for alle å ta opp aktuelle spørsmål og drøftingar.

MØTEBOK

Kyrkjeleg fellesnemnd for Os og Fusa

Møtedato: 05.12.2018

Sak: MØTEPLAN 2019

Saksnr.: 2018/039
PSU-sak 2018-039

Ark.nr. 012.0

Sakshandsamar: HGS

Kyrkjeleg fellesnemnd gjorde følgjande vedtak:

Framlegg til vedtak:

Bjørnafjorden kyrkjelege fellesnemnd vedtek følgjande møteplan for PSU og kyrkjeleg fellesnemnd 2019: 6. mars, 5. juni, 28.august, 3. oktober og 20. november.

PSU si tilråding:

VEDTAK I FELLESNEMNDA:

Trykte saksdokument:

Ingen

Ikkje trykte saksdokument:

Ingen

SAKSUTGREIING:

AU tilrår at ein allereie no fastset møteplan 2019 for PSU og kyrkjeleg fellesnemnd. I 2018 planla ein tre møte 1. halvår og to møte 2. halvår. Eit av dei tre møta 1. halvår gjekk ut.

Prosjektleiari rår til at ein planlegg to møte 1. halvår og tre møte 2. halvår i 2019. Hausten 2019 er ikkje så lett å sjå føre seg. Sokneråda skal tre av, og det same gjeld kyrkjeleg fellesnemnd. Det skal vere soknerådssval, og det skal kome på plass to nye sokneråd og eit kyrkjeleg fellesråd, PSU m.m. Når ein likevel rår til tre møte for fellesnemnda på hausten, får ein etter kvart vurdere om behovet er der.

Ein rår til følgjande datoar (onsdagar):

6. mars, 5. juni, 28.august, 3. oktober og 20. november.

Kyrkjeleg fellesnemnd får drøfte om desse datoane kan vere aktuelle.

MØTEBOK

Kyrkjeleg fellesnemnd for Os og Fusa

Møtedato: 05.12.2018

Sak: INVESGERINGAR IT, TELEFONI M.V I 2018 OG 2019

Saksnr.: 2018/040
PSU-sak 2018-040

Ark.nr. 112

Sakshandsamar: HGS

Kyrkjeleg fellesnemnd gjorde følgjande vedtak:

Framlegg til vedtak:

PSU si tilråding:

VEDTAK I FELLESNEMNDA:

Trykte saksdokument:

Ingen

Ikkje trykte saksdokument:

Ingen

SAKSUTGREIING:

Kyrkjeleg fellesnemnd drøfta budsjett for 2018 i to møte for om lag eit år sidan. Ved siste møte vedtok ein at IT-investeringane som må gjerast skal skje over eit investeringsbudsjett, og ein la i botn eit behov på kr.1.000.000,-.

Det har vore ulike signal frå kommunalt hald når det gjeld korleis desse investeringsmidlane skal dekkast. Eit alternativ har vore at ein i 2019 fører investeringsbehova over dei respektive investeringsbudsjetta for Fusa kommune og Os kommune. Fusa sokneråd har bede om kr.300.000,- og Os sokneråd om kr.500.000,- til dette føremålet, til saman kr.800.000,-. Så langt ein veit ligg det ikkje inne midlar til dette. Det andre alternativet har vore løyving direkte frå kommunal fellesnemnd til kyrkjeleg fellesnemnd. Dette vil bli tema i møte med kommunal leiing den 4. desember d.å.

I desember 2018 reknar vi med at ein vil få ein investeringskostnad på om lag kr.200.000,-, og det med innføring av gravregisteret Ecclesia i både Os og i Fusa. Det forventast om lag kr.160.000,- for Os sin del og kr.40.000,- for Fusa sin del. Gerhard Hansen har hatt tett dialog med Ecclesia og kan orientere meir om dette i møtet. Innføringskurs med Ecclesia er torsdag 29. november i Os. Her vil mange av våre tilsette bli med.

I denne saka er det viktig å få klarheit i korleis investeringane skal finansierast – via kommunale løyvingar eller overføring frå kommunal til kyrkjeleg fellesnemnd. Det er viktig at det nye fellesrådet sine tilsette får gode og tenlege IT-løysingar i god tid før 1.januar 2020. Prosjektleiar meiner det er viktig å få finansiering på plass for det vi allereie har gjort m.o.t. Ecclesia. Vi må dessutan vite at vi har midlar til å gå vidare med investeringar i andre IT-løysingar (Kirkepartner og Labora) og samordning av telefoniløysingar. Skal vi få alt oppe å gå innan 1. januar 2020 kan ikkje dette stoppe opp.

Ein har ikkje tilråding å kome med enno, men vonar å få meir avklaring med kommunal leiing før kyrkjeleg fellesnemnd sitt møte.